



Kulturdepartementet

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/3845 - 14/10357

Saksbehandlar:  
Leni Dale  
Leni.Dale@lindas.kommune.no

Dato:  
30.04.2014

## Rapport for bruk i 2013 (DKS 2012)

Den kulturelle spaserstokken 2012 (brukt i 2013)		
<b>Mottakarar</b> Institusjonar/seniorsentra	Knarvik sjukeheim Lindås bu- og servicesenter Såta bu- og servicesenter Lindåstunet	<u>Seniorsentra i Lindås:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Knarvik seniorsenter</li><li>• Lindås seniorsenter</li><li>• Ostereidet seniorsenter</li></ul> Eldrerådet i Lindås
<b>Tal brukarar</b>	174 brukarar m/vedtak på 4 institusjonar	Ca. 125 (gjennomsnitt)
<b>Kunstnarar</b> Som har motteke honorar	Else Iren Westervik (musikkterapeut) – song Borris Kuprianov – organist/pianist Otto Aksnes – pianist Audhild Sagosen – instruktør seniordans Alf Sagosen – instuktør seniordans Birger Sundsbak- song og trekkspele Finn Stedal- gitarist- song Birger Rognved- trekkspel-song Jostein Aarvik –pianist Arne Mørch- pianist-song Trygve Fett- kåsørar- skuespelar Kurt Hatten – gitarist-song Ramona Sulen- song Leslie Egerer- violinist –sagspelar Ivan og Trine Odland – organist –song Sputnik- song Steinar Hjelmbrekke –musikkterapeut Sigbjørn Holen-trekkspele-song Håvard Reiten- gitar-song	



<b>Arrangement</b>	Samvær m/song og musikk/dans, lyrikk eller historieforteljingar Festar Seniordans Konsertar Kåseri/teaterframstilling
--------------------	---

## Samandrag

Vårt mål er å tilby alle brukarane ein kulturell stimulans kvar veke, og ei større kulturell oppleving ein gong i månaden. Vi har erfart at det er viktig med gode og lokale underhaldalarar på dei faste arrangementa. Bebruarane og seniorane får månadsplanar, så dei er førebudd på å kome på aktivitetane. Vår utfordring ligg i å fylle arrangementa med gode opplevingar.

Dette har vi langt på veg lykkast med ved hjelp av budsjettmidlar, basarinntekter og «den kulturelle spaserstokken». I tillegg har aktørar frå lokalmiljøet stilt opp gratis for å glede dei eldste i kommunen. Her kan nemnast besøk frå barnehagar og pensjonistlag. Konsertar med elevar frå Lindås kulturskule, skulekorps, Lindås trekkspillklubb, fleire songkor og pensjonistlag. Korte turar i nærområdet får også eit kulturelt innhald i møtet med menneske og natur.

Dei kulturelle høgdepunkta i 2013 var konsertar med Sputnik og opptreden av Trygve Fett med diktet Terje Vigen.

## Arrangement

### 1. Samvær m/song og musikk, dans, basar, lyrikk eller historieforteljingar

I løpet av året har det vore invitert til ulike samvær i regi av seniorsenteret og institusjonane. Eit regelmessig arrangement har vore «syng med oss» på Knarvik seniorsenter med seniorar også frå Knarvik dagavdeling, Knarvik sjukeheim og Såtabu-og servicesenter til stades. Programmet har innehalde alt frå allsong og dans til historieforteljingar og teater/lyrikk.

Vi har hatt besøk av dyktige musikarar på dei ulike arrangementa, m.a. har jazzmusikaren Jan Helge Alvær som bidrøye med sin flotte trumpet.

### 2. Festar

I 2013 vart det arrangert fem vår-festar, tre sommarfestar, to haustfestar og fem julefestar. I tillegg arrangerte eldrerådet festar for alle pensjonistane i samband med eldredagen.

Dei årlege vår- og sommarfestane er høgdepunkt ein kan trekke fram. På Knarvik sjukeheim og Knarvik seniorsenter har vi hatt vår-fest med «We'll meet again» med Ramona Sulen og Leslie Egerer og i sansehagen på Såta bu- og servicesenter har vi hatt sommarfest med Birger Sundsbak og atmosfæren har vært fantastisk god.

Skalldyrfesten på hausten på Knarvik sjukeheim var også eit høgdepunkt; god sjømat, og musikalsk følgje med tema frå båt- og sjøliv ved Otto Aksnes.

Den kulturelle spaserstokken har gjort det mogeleg å engasjere ulike underhaldarar til å skape den rette atmosfæren på festane. M.a. var Arne Mørch på haustfest på Såtabu- og servicesenter og Lindås bu-og servicesenter og underhaldt med gamle «slagarar» på el. orgel. Begeistringa var stor og dei ca. 100 deltagarane song og dansa med liv og lyst.

### **3. Turar med kulturelt innhald**

Lindåstunet var på tur i Tjorehagen og såg på blomstringa der i mai 2013 og i juni månad reiste dei på rundturar på gardane som brukarane av Lindåstunet kjem i frå . Det skapte stor begeistring.

### **4. Konsertar**

Juni og desember er dei store konsertmånadene, og i god tradisjon engasjerer vi kunstnarar til å halde julekonsertar med midlar frå den kulturelle spaserstokken. I tillegg opplever vi at Kulturskulen, ordføraren og andre vil gje dei eldre ei kulturell julegåve og ein sumarkonsert. I løpet av året opplever vi såleis eit mangfold av kunstnariske prestasjonar og kulturelle høgdepunkt. Vi vil trekke fram nokre konsertopplevelingar i 2013 :

Vår-festar på Såtabu –og servicesenter, Lindås bu –og servicesenter og haustkonsert på Knarvik seniorsenter med konsert ved Ramona Sulen og Leslie Egerer som song og spelte på både fiolin og sag.

Den 03.07. var alle på Knarvik sjukeheim invitert til sumarkonsert med Sputnik. Det var eit høgdepunkt med ein kjendis på besøk, kjente melodiar og nokon tok seg ein svingom.

Den 02.09. kom Trygve Fett ( borgarmestaren i Gamle Bergen )på besøk på Knarvik seniorsenter der også dei eldre frå Knarvik sjukeheim og Knarvik dagavdeling var invitert. Han framførte det kjente diktet Terje Vigen av Bjørnstjerne Bjørnson i sin skodespelarstil og med ei slik innleiving at publikum blei ganske tårevåt.

Må også trekke fram jazzmusikaren Jan Helge Alvær som har delteke på «syng med oss». Saman med Otto Aksnes skapte han ei minnerik konsertoppleveling den 08.11.

### **5. Seniordans**

Seniordansen vert leia av instruktørane Audhild og Alf Sagosen, og har vore eit fast program innslag annankvar fredag i Knarvik seniorsenter. Dette er trim for både kropp og hjerne og ei god sosial oppleveling. Gjennomsnittleg frammøte er : 14 seniorar.

## Prosjekt

I tida 01.01.13.-31.12.13 har vi hatt avtale med Lindås kulturskule om eit prosjekt med musikkterapeut Else Iren Westervik i alle avdelingane på Knarvik sjukeheim og Såta bu- og servicesenter.

Målet med prosjektet var å gje flest mogeleg av bebruarane – m.a. dei som ikkje kan delta på arrangement i seniorsenteret – ei kulturell oppleveling.

Prosjektet har vore vellykka ved at oppslutnaden har vore stor, og fleire har delteke i songen.

Med helsing

Leni Dale  
Einingsleiar  
Sjukeheimstenesta

Aud Furdal  
avdelingsleiar  
Seniorsenteret

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hordaland fylkeskommune

**Mottakarar:**  
Kulturdepartementet